


Giske kommunale barnehagar

# HANDLINGS- OG BEREDSKAPSPLAN

For førebygging og avdekking av vald og  
seksuelle overgrep mot barn.



Giske kommune  
Historisk og framtidsetta

## Innhald

Formål med planen .....	2
Førebyggjande arbeid.....	4
Psykososial miljø.....	4
Førebyggjande arbeid hjå; Tilsette.....	4
Førebyggjande arbeid hjå; Barna .....	5
Førebyggjande arbeid hjå; Føresette .....	5
Førebyggjande arbeid med: Intern organisering.....	6
Informasjon og materiell til arbeid med førebygging av vald og seksuelle overgrep .....	6
Plan for alderstilpassa kunnskap om kropp og grenser .....	7
Når tilsette er bekymra for eit barn .....	8
Ved uro .....	8
Når eit barn fortel om vald eller overgrep .....	8
Å melde saka vidare .....	9
Handling ved mistanke om eller avdekking av vald og seksuelle overgrep i barns nære relasjonar	10
Handling ved mistanke om eller avdekking av vald og seksuelle overgrep frå tilsette .....	11

## Formål med planen

Denne planen skal bidra til å førebygge, avdekke og hindre omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep hjå barn i Giske kommunale barnehagar. Handlingsplanen skal styrke kunnskaps- og handlingsgrunnlaget blant dei tilsette i barnehagen, og den skal gje tilsette kjennskap til rutinar og prosedyrar som ein skal jobbe etter når ein er bekymra for eit barn.

Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge, trivast og ha ei sunn og god utvikling. Tilsette i barnehagen skal legge til rette for, samt ivareta barnets behov for omsorg. Dei har gjennom sitt mandat, eit særleg ansvar for å beskytte barn. Rammeplan for barnehagen er tydelege på at barnehagen skal mellom anna bidra til at barna blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og sette grenser for sin eigen kropp og respektere andre sine grenser.

Tilsette i barnehage treng kunnskap om å førebygge samt avdekke barna som er utsett for ulike typar vald. Mange barn blir utsett for ulike typar vald og omsorgssvikt, ofte frå nære omsorgspersonar. I følgje undersøkingar gjort av Forandringsfabrikken Kunnskapscenter kjem det fram at mange av barna som har blitt utsett for vald og overgrep, ikkje visste at det dei blir utsett for faktisk er vald og overgrep (jegvet.no; salaby og Bufdir)

Barn som utsettast for vald opplev ofte ulike typar vald samtidig.

Kriseportalen definere ulike typar vald på følgande måte:

- **Fysisk vald** som er bruk av makt som skader, smerter eller skremmer
- **Seksuell vald** som er ein kvar form for maktbruk rettet mot eit anna menneskes seksualitet
- **Psykisk vald** som er maktbruk som ikkje er direkte fysisk, men inneheld element som er meint for å skade, skremme, såre eller krenke
- **Materiell vald** som er handlingar rettet mot gjenstandar for å skremme, skade eller påverke andre
- **Latent vald som verkar styrande på menneske** ved å bruke vald som ligger dersom ein trussel, latent vald er nedbrytande over tid.

Barnehagelova, særleg §46, samt Lov om barneverntjenester § 6-4 legg føringar for korleis barnehagen skal arbeide helsefremmande og førebyggjande og avdekke vald og seksuelle overgrep mot barn i barnehagen.

#### **Barnehageloven §46: Opplysningsplikt/meldeplikt til barneverntjenestene:**

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenesten.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal uten hinder av taushetsplikt melde fra til barneverntjenesten uten ugrunnet opphold

- a) Når det er grunn til å tro at barn blir eller vil bli mishandlet, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller annen alvorlig omsorgssvikt
- b) Når det er grunn til å tro at barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling, eller at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelpetrengende barn ikke får dekket sitt særlige behov for behandling eller opplæring
- c) Når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli utnyttet til menneskehandel

Enhver som utfører tjeneste eller arbeider etter denne loven, plikter også å gi opplysninger etter pålegg i samsvar med barnevernloven §6-4

#### **Avvergeplikta- varslings politiet: ([Avvergingsplikt og meldeplikt ved vold, overgrep og utnyttning – Politiet.no](#))**

Alle har en plikt til å søke å forhindre at alvorlige straffbare handlinger skjer.

Avvergingsplikten gjelder for alle til enhver tid, og opphever eventuell taushetsplikt. Du kan avverge ved å varsle lokalt politi eller barnevernstjenesten. Er det akutt fare for liv og helse skal du umiddelbart ringe politiet på 112.

Ifølge [straffeloven § 196](#) er enhver forpliktet til «gjennom anmeldelse eller på annen måte å søke å avverge en straffbar handling eller følgene av den, på et tidspunkt da dette **fortsatt er mulig** og det fremstår som **sikkert eller mest sannsynlig** at handlingen vil bli begått».

Innenfor mange yrkesgrupper vil det oppstå en særlig plikt til å melde videre om vold og overgrep. Dersom du jobber med barn og unge er det viktig at du har god kjennskap til det regelverk som regulerer nettopp din taushetsplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt. God forståelse og riktig praktisering av dette regelverket er avgjørende for at du sammen med politi og barnevern kan bidra til at færre barn blir utsatt for vold og overgrep.

## Førebyggande arbeid

Det viktigaste førebyggande arbeidet barnehagen kan gjere er å sikre kunnskap hjå dei tilsette, føresette og barna sjølv. Tilsette i barnehagen er saman med barna store deler av dagen, noko som gir dei god kjennskap til barna. Det er gjennom den daglege kontakten med barna og føresette at ein kan registrere teikn på noko som gir grunn for bekymring.

Barna sjølv veljar kven dei har tillit til, dette er ikkje nødvendigvis den som har mest kunnskap om vald og overgrep eller den som jobbar med temaet i samlingsstund. Det er derfor viktig at alle tilsett skal ha kjennskap til innhaldet i planen, dei skal vite kva ein skal gjere dersom ein er bekymra for eit barn og korleis ein skal opptre dersom eit barn viser deg tillit og fortel om vald eller overgrep.

## Psykososial miljø

Barnehagelova § 41, 42 og 43 legg føringar for korleis barnehagar skal arbeide med det psykososiale barnehagemiljøet. Dei kommunale barnehagane arbeider førebyggjande og tek utgangspunkt i planen «*Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø*». Denne planen skal sikre at tilsette arbeidar i tråd med barnehagelova, at foreldre får innsikt i korleis barnehagane jobbar med det psykososiale barnehagemiljøet og at personalet er bevisst på si rolle og sine plikter.

## Førebyggjande arbeid hjå; Tilsette

- Alle tilsette skal ha ein gjennomgang av denne planen ved tilsetjing, samt årleg etter det
- Alle tilsette skal gjennomføre opplæringstiltak/refleksjonsarbeid som gir kompetanse om vald og overgrep i løpet av barnehageåret
- Barnehagen skal regelmessig sørje for at tilsette får fagleg oppdatering om:
  - Vald og seksuelle overgrep mot barn
  - Korleis møte og samarbeide med barna, for å ivareta tilliten til barnet som kan vere utsett
  - Opplysningsplikta og avvergeplikta
- Tilsette skal ha kjennskap til kriseportalen og andre nettressursar der ein kan finne informasjon og kunnskap om tema
- Denne planen skal vere lett tilgjengeleg i barnehagen, samt i Compilo

## Førebyggjande arbeid hjå; Barna

I dei kommunale barnehagane skal barna få alderstilpassa kjennskap til eigen kropp og grenser. Dei eldste barna skal lære om vald og overgrep og kva ein kan gjere dersom ein blir utsett for det. Det er ei målsetting at barna skal ha ei oppleving at det er trygt å snakke om dette med dei vaksne. Det er einingsleiar/styrar som har ansvar for å følgje opp at barnehagen har eit opplegg for å lærar barna om kropp grenser, medan det er pedagogisk leiar som er ansvarleg for å planlegge og gjennomføre eit aldersadekvat pedagogisk opplegg som lærar barna om kropp, grenser, vald og overgrep.

Barnehagen skal utarbeider ein plan for innhald som tek omsyn til alder og modning; Det å lære om seg sjølv og sin eigen kropp er naturleg å legge tidleg i barnehageløpet. Undervisning om vald og overgrep er naturleg å legge seint i barnehageløpet.

- Barna skal bli trygg på eigen kropp og ha ei positiv oppfatning av seg sjølv.
- Barna skal lære å sette grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser.
- Når ein har samlingar om vald og overgrep bør ein dele barnegruppa i mindre grupper og ein skal vere minimum to tilsette. Dette er for at dei tilsette skal vere betre rusta til å observere barna under samling og at ein er betre rusta for å ivareta reaksjonane barna har på undervisninga.

## Førebyggjande arbeid hjå; Føresette

Barnehagen skal informere føresette om barnehagens arbeid omkring tema og korleis ein jobbar forebyggjande både blant dei tilsette, men også med barna.

- Informasjonsskriv til føresette om korleis barnehagen lærar barna om vald og overgrep. Til dømes gjennom «kroppen min eier jeg» eller Salaby sitt opplegg «jeg vet».
- Sende ut informasjon til føresette om korleis dei kan snakke med barna om kropp, grenser og overgrep. Til dømes brosjyrar frå Redd Barna: 5 foreldretips om Kropp; foreldretips for å snakke med barn om kropp, grenser og overgrep. Brosjyre må bestillast her: [Bestill undervisningsmateriell om vold og overgrep gratis - Redd Barna](#)

## Førebyggjande arbeid med: Intern organisering

Barnehagen må organiserast slik at ein minskar risiko for overgrep frå tilsette. I dette ligg også at man ikkje sett tilsette i situasjonar der ein kan bli utsett for mistanke.

- Det skal som hovudregel vere to tilsette på jobb, både på morgon og på ettermiddagen.
- Tilsette skal ikkje vere aleine med barnegruppa eller enkelt barn over lengre tid.
- Barnehagen skal sørge for at det alltid innhentast godkjent politiattestar for alle nytilsette og tilkallingsvikarar, dette skal innhentast før ein tiltrer i jobben.
- Alle tilsette skal ha kompetanse om vald og overgrep mot barn.
- Vi gjennomfører haldningsskapande arbeid både med dei tilsette og barna. Tema om kropp og grensesetting skal gjennomgåast.
- Tilsette skal gjennomføre øvingar og refleksjons arbeid ut frå beredskapsplan minimum ein gong i året.

## Informasjon og materiell til arbeid med førebygging av vald og seksuelle overgrep

- **Hele meg:** Består av ei barnebok om kropp og grenser og hefte for vaksne. Tema i boka er hud og celler, musklar og skjelett, hjarte, lunger og blodomløp, hjernen og nervesystemet, fordøyelsen, sansane våre, kjensler og identitet. I boka finner du et kapittel om korleis kroppen blir til, som handlar om seksualitet. Du finner også eit kapittel om grensesetting, gode og vonde hemmelegheiter og gode og vonde berøringar. [Hele meg | Pedlex](#)
- **Kroppen min eier jeg:** Samtale/ undervisningsopplegg til bruk i barnehagen saman med animasjonsserien *Kroppen min eier jeg* som handlar om kropp, grenser og overgrep. [Kroppen min eier jeg undervisningsopplegg - Redd Barna](#)
- **Jeg vet:** Nettbasert læringsressurs for barnehage og skule som skal forebygge vald, overgrep og mobbing ved å gje barna auka kunnskap om tema. Dette er laga av Salaby på oppdrag av Bufdir i samråd med utdanningsdirektoratet og helsedirektoratet. [Jeg Vet | www.statped.no](#)
- **5 foreldretips:** Konkrete tips om korleis ein kan prate med barn om vald, kropp, grenser og overgrep. [5 tips for å snakke med barn om kropp, grenser og seksuelle overgrep - Redd Barna](#) [Undervisning om vold og overgrep for barnehage og skole - Redd Barna](#)
- **Snakke med barn:** Nettside der ein kan øve seg på vanskelege samtaler med barn, kan brukast saman med andre kollegaer eller aleine. [Snakke med barn](#)

- **Seksuellatferd.no:** Ressurside om normal seksuell utvikling, handtering av åtferd som gir grunn til bekymring og skadeleg seksuell åtferd. [Seksuellatferd.no – Ressurside om normal seksuell utvikling, og handtering av bekymringsfull og skadelig seksuell atferd](http://Seksuellatferd.no)
- **Eg vil vite:** E-læringsverktøy om vald og overgrep laga av Stine Sofie stiftelsen. Målsettinga for nettsida er å spreie kunnskap om vald og overgrep for å få fleire til å seie ifrå dersom dei er utsett for eller veit om nokon som er. [Home - Jeg vil vite! - Jeg vil vite!](http://Home-Jeg-vil-vite!-Jeg-vil-vite!)

### Plan for alderstilpassa kunnskap om kropp og grenser

Alle avdelingane skal jobbe forebyggjande for å oppdage vald eller overgrep gjennom å sette dette in i planer og bruke materiell som er tilgjengeleg. Barnehagane skal lage ein plan for dette arbeidet ved oppstart av barnehageåret.

Alder	Innhald
0-3 år	<p>Alders- og nivåtilpassa opplegg som fremmer ei bevisstgjerung rundt eigen kropp, kva som er lov og ikkje lov med eigen kropp, samt egne og andre sine grenser:</p> <p>Dette gjer vi ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lære namna på kroppsdelane</li> <li>- Lære om kva som er lov og ikkje lov med eigen eller andre sin kropp; til dømes ikkje slå, bite og liknande.</li> <li>- Bevisstgjerung om egne og andre sine grenser; til dømes dersom nokon ikkje vil ha ein klem eller sitte på fanget respektere vi det.</li> </ul>
3-5 år	<p>Skal få eit alders- og nivåtilpassa opplegg for sin alder og modning om kroppen, få kjennskap til kva som er lov og ikkje lov med eigen og andre sin kropp, egne og andre sine grenser. Personalet skal fremmer ei bevisstheit om gode og vonde hemmelegheiter</p> <p>Dette gjer vi ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lære om kroppen og kroppsdelane</li> <li>- Lære om kva som er lov og ikkje lov med eigen eller andre sin kropp.</li> <li>- Prate om gode og vonde hemmelegheiter, vise at vi lyttar til barna når dei er klare til å prate om det.</li> </ul>
5-6 år	<p>Skal få eit alders- og nivåtilpassa opplegg som fremmer ei bevisstgjerung til egne og andre sine grenser og eigen kropp. Dei skal bli bevisste på kva som er lov og ikkje lov med eigen eller andre sin kropp og eigen seksuell helse.</p> <p>Dette gjer vi ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide med tema kroppen min</li> <li>- Bruke materiell som er tilgjengeleg i mindre grupper: til dømes eg vet, hele meg eller kroppen min eier eg.</li> </ul>



## Når tilsette er bekymra for eit barn

Det kan vere vanskeleg å ta inn over seg at små barn som du har dagleg kontakt med kan vere utsett for omsorgssvikt, vald eller overgrep. Dei tilsette i barnehagen er saman med barna nesten kvar dag og over lengre tid, noko som gir oss moglegheit til å fange opp endringar hjå barna og moglegheit til å førebygge eller avdekke ulike former for vald eller overgrep. Tilsette skal kunne sjå teikn på vald og overgrep, dei skal lytte til det barna fortel og dei skal kunne sjå problemåtferd som kan ha bakgrunn i vald og overgrep.

Ved mistanke om at barn blir utsett for vald, omsorgssvikt eller overgrep har ein som tilsett i barnehagen plikt til å følgje opp etter barnehagelova §46 (opplysingsplikt) og straffeloven §196 (avvergeplikta)

### Ved uro

- Følg med på endringar hos barnet, loggfør endringar.
- Vær opne og nysgjerrige ovanfor barnet, vis omtanke og spør korleis dei har det.
- Vis barnet at du bryr deg og vil hjelpe, snakk med barnet om kven ein skal snakke med om ting som er vanskeleg både i barnehagen og utanfor.
- Drøft endringane med føresette
  - o **Ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep skal barnehagen sende bekymringsmelding utan å drøfte det med føresette.**
- Drøft med andre vaksne i barnehagen som kjenner barnet godt, legg ein plan for kva ein kan gjere for å hjelpe barnet fortelje.
- Informere styrar om bekymringar
- Saka skal ikkje drøftast med andre tilsette, det er berre dei som treng informasjon for å handtere saka vidare som skal vere involverte.
- Ein kan ta kontakt med barnevernet eller andre samarbeidande instansar anonymt for å drøfte bekymring.

### Når eit barn fortel om vald eller overgrep

- Lytt til barnet, ta det på alvor og vis at du trur på det som blir fortalt, sjølv om ein opplev det som vanskeleg å tru på.
- Den vaksne kan hjelpe til med aktiv lytting og oppmuntring i samtalen ved å til dømes seie «fortel», gjenta det barnet seiar eller still klargjerande spørsmål for å avklare kven, kva og kor. Spør om det er andre som veit det, om det har skjedd med andre, og om ein trur det kan skje igjen.
- Den vaksne skal ikkje stille ledande spørsmål til barnet.

- Skriv ned det som barnet fortel og kva du sjølv seier og kva du spør om. Dokumentasjon er viktig for å sikre god oppfølging av saka vidare. Dersom ein skal komme til å stille ledande spørsmål må ein skrive det ned slik ein spurte det.
- Forklar barnet kvifor og kva du skrivar, les gjerne opp til barnet kva du skrive ned.
- Ein kan ikkje gje barnet lovnad om å halde det barnet fortel hemmeleg, for å oppretthalde tilliten barnet har gitt deg må ein må gje barnet informasjon (ut frå alder og modning) om kva som kjem til å skje vidare.

## Å melde saka vidare

Barn som har opplevd vald og/eller overgrep kan ofte ha manglande tillit til vaksne. Dersom eit barn stolar nok på ein vaksne til å fortelje om kva ein opplevd, er det viktig at ein tek vare på denne tilliten. Dersom ein ikkje gjer det kan ein risikere at barnet mister tillit og ikkje vil fortelje vidare til barnevern eller politi. Det er derfor veldig viktig at ein har dialog med barnet om kva som skal skje vidare, men omsyn til alder og modning.

- Dersom barnet fortel om ein vald- og/eller overgrepsoppleving til vaksne, bør den vaksne forsøke å bli einige med barnet om kven ein skal fortelje det vidare til. Forklar barnet at det er nødvendig å få råd frå andre i barnehagen (styrar) og nokon som jobbar med vald og overgrep for å best mogleg kunne hjelpe barnet. Den vaksne og barnet kan også bli einige om å avvente litt og snakke saman igjen på eit avtalt tidspunkt, med mindre det er grunn til å tru at barnet er i direkte fare.
- Dersom barnet ikkje ønskjer at andre vaksne eller politi/barnevern skal kontaktast, må ein prøve å finne ut kvifor. Det kan være ting barnet ikkje har fortalt ennå som det er viktig å finne ut for at barnet skal få best mogleg hjelp.
- Dersom barnet ikkje ønskjer at nokon andre skal vite om dette, er det er likevel nødvendig å rådføre seg med andre instansar; ein må ikkje love barnet noko ein ikkje kan halde- man skal ikkje love barnet taushet om det som blir fortalt.

## Handling ved mistanke om eller avdekking av vald og seksuelle overgrep i barns nære relasjonar

Hending	
Når barnehagen er bekymra og/eller har tvil kring sine bekymringar eller ved akutte situasjonar/hendingar:	
Tiltak	Ansvar
1. Ved uro, følgje med på endringar hjå barnet. Loggføring av faktiske hendingar/observasjonar	Pedagogisk leiar
2. Barnehagen kan ta kontakt med barnevernet for anonym drøfting/avklaring kring bekymring for barn/familiar eller etter samtykke	Pedagogisk leiar eller styrar
3. Barnehagen avklarar/drøftar situasjonen med foreldra	Pedagogisk leiar og styrar
4. Barnehagen sender skriftleg bekymringsmelding med konkrete opplysningar til barnevernet omgåande. Skjema finn ein på heimesida til Giske kommune	Styrer og pedagogisk leiar
5. Ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep har barnehagen plikt til å sende bekymringsmelding utan å måtte avklare det med foreldre. Evt kan ein ta direkte kontakt med politiet; sjå eigne rutinar (Compilo)	Styrar og pedagogisk leiar

## Handling ved mistanke om eller avdekking av vald og seksuelle overgrep frå tilsette

Hending	
Når ein mottar eller har mistanke om vald eller overgrep frå tilsette <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruk Kriseportalen.no- akuttfasen, som støtte</li> </ul>	
Tiltak	Ansvar
1. Varsle nærmaste leiar; dersom forholdet gjeld nærmaste leiar eller leiar er inhabil melder du frå til neste leiarnivå: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Styrar</li> <li>- Kommunalsjef</li> </ul>	Den som har mistanke
2. Om varselet gjeld ein konkret observasjon knytt til eit enkeltbarn skal ein sikre at barnet ikkje er aleine med den tilsette det er komme mistanke mot.	Pedagogisk leiar og Styrar
3. Observasjonar som er gjort skal dokumenterast.	Den som har mistanke
4. Informer barnehageeigar/kommunalsjef om at du har fått eit varsel; avklar vegen vidare og kven som gjer kva.	Styrar
5. Innhent profesjonell hjelp til barnehagen for å sikre at ein handtera saken riktig. <b>Ved ein konkret observasjon skal politiet varslast.</b>	Styrar eller Kommunalsjef
6. Foreldra til barnet skal informerast.	Styrar, fagfolk eller politiet

Kjelder:

Redd barna

Kriseportalen

Handlingsplanar frå andre kommunar.

- Bærum kommune
- Mobarn

Nettsider:

- Jegvet.no - [Jeg vet](#)
- Redd barna
- Seksuell atferd.no - [Håndtering av sunn, bekymringsfull og skadelig seksuell atferd](#)
- Kriseportalen
  
- Seksuelle overgrep mot barn - en veileder for hjelpeapparatet: [hefte 2 SHD \(regjerin% gen.no\)](#)